


SYRSTROND JAKT OG FISKELAG

Årsmelding

1978



2

ÅRSMELDING FRÅ SYRSTROND JAKT- OG FISKELAG 1978.

I siste åra har stadig fleire frå Leikanger meldt seg inn i Sogndal Jeger- og Sportsfiskarlag. I april sende Inge Yttri, Per Aaberge, Nils O. Røysum og Bjørn Monsen ut innbjoding til starting av Jakt- og Fiskelag her i bygda.

Det vart halde skipingsmøte på kafe " ELVEGARD " den 20. april. Der møtte det 44 stk. Formann i fylkeslaget av NJFF, Magne Dvergsdal, styremedlem Helge Lund, formann i Sogn Laksestyre, Olav Vestreim var til stades. Det var stor semje om oppstarting av eit lag. Det vart då valgt eit midlertidig styre, og det vart samansett slik:

Formann	Bjørn Monsen
Nestformann	Inge Yttri
Kasserar	Rolf Nestby
Sekretær	Nils O. Røysum
Styremedlem	Audun Liljedal
Formann i jaktutv.	Per Trygve Stadheim
Formann i fiskeutvalet	Svein Inge Moum.

Det vart halde 2 styremøter i år. Der vart det bl. a. lagt opp ein arbeidsplan og kurstilbod. Det vart freista å få eit møte med grunneigarlaget, men det har ikkje passa enno.

Det vart sendet ut eit tilbod om kurs til medlemane. Der viser det seg at det er størst interesse for flugekasting. I samarbeid med Sogndal Jeger- og Sportsfiskarlag vil det verta halde i april. Ein kveld i Sogndal og ein kveld her. Gunnar Olsmo vil vera instruktør. Ellers vert det arbeidd med å få sleppa ut yngel i div. fjellvatn.

Vi har søkt Leikanger Prestegardstilsyn om å få leiga grunn til leirduebane på Kleppa. Det ser no lyst ut for at det skal gå i orden, men saka er ikkje ferdig handsama enno. Laget har 69 medlemar pr. 31.12..

Laget hadde ein deltakar på Fylkesmeistarsskapet i Jegertrap som vart arrangert av Førde Jakt- og Fiskelag.

Resultat:

Nr. 1	Magne Dvergsdal, Førde J&F.	21 p.
" 2	Ove Hagerup Larsen, Førde J&F	21 "
" 3	Bjørn Monsen, Syrstrond J&F	20 "

Bjørn Monsen vart vinnar av kl. C.

Sogndal Jeger- og Sportsfiskarlag arrangerte ope stemne den 23/8. Der var deltakarar frå Førde, Hafslo, Syrstrond og Sogndal.

Resultat:

Nr. 1	Geir Vie, Førde J & F.	21 p.
" 2	Sverre Fjøsne, Syrstrond J & F	18 p.
" 3	Sverre Bakken, Sogndal J & S	17 "
" 4	Bjørn Monsen, Surstrond J & F	17 "

Sverre Fjøsne vart vinnar av kl. C.

Dersom no leirduebana no går i orden, vonar vi det vert mange som blir med. F.M. 79 skal i år arrangerast i Sogndal.

Der må vi stilla sterkt, så vi kan laga sprekker i dominansen til Førde og Sogndal.

REV: Revebestanden har gått noko tilbake, og det skuldast etter alt å dømma ein sjukdom som har inntruffe. Det skal vera skabb. Det må nok jaktast meir på reven for det. Det er gode prisar på skinna, og i tillegg skotpremie.

HARE: Hare har det vore lite av i dei siste åra, men no ser det ut til at det tek seg oppatt. Vi må ikkje ta oppatt jakta enno, skal den ta seg oppatt slik som for 7-8 år sidan.

MÅR: Mår er det nok altfor mykje av. Dei gjer store innhogg i fuglereira, så skal det bli meir orrfugl, rype, må vi ta meir av måren.

RØYSEKATT: Røysekatt er det svært mykje av. Det kan vera ein av årsakene til at det er lite skogsfugl. Skal skogsfuglbestanden aukast, må vi jakta mykje meir på røysekatten.

KRÅKE/RAVN: Denne form for jakt må vi til med. Det har auka katastrofalt. Dei gjer svært store innhogg i rypereira. Jakten kan vera med på å auka rypebestanden, og ingen ting er bedre enn det.

MINK : Mink er det ein god del av. Prisane på skinnauksjonane er gode. Skotpremien, kr. 25,-, er liten i forhold til i andre kommunar: I VIK er det kr. 40,-. Det er no den store skaden den gjer som er verst, så vi må ta oss saman å skyta meir mink.

Det vart gitt skotpremie på 56 revar og 36 minkar i 1978. her i kommunen.

Når ein ser tilbake på det året som har gått, har vi ikkje gjordt så mykje, men vi er no nettopp starta. Vi har mykje å gjera i året som kjem. Vi vonar det skal bli eit driftig år for laget.

SKITT JAKT OG FISKE.

STYRET.



LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

1

Referat frå årsmøtet på "Elvegard" 23. februar 1979.

Fredag den 23. februar 1979 kl. 19. vart det første ordinære årsmøtet i Leikanger jakt- og fiskelag halde på "Elvegard". Det møtte 28 medlemmar.

Saklista såg slik ut:

1. Namneendring.
2. Lovene.
3. Val.
4. Premiering for felling av skadedyr.

Formannen ynskte velkomen og orienterte om saklista.


Sak nr. 1: Namnet på laget. I skipingsåret vart laget kalla Systrond jakt- og fiskelag. Formannen foreslo at namnet vart endra til Leikanger jakt- og fiskelag. Dette vart samrøystes vedteke.

Sak nr. 2: Lovene. Styret sitt framlegg til lover, som i store trekk var utarbeidde etter Norges jeger og fiskeforbund sine retningslinjer, var sendt ut til medlemene i god tid før årsmøtet med tanke på eventuelle framlegg til endringar. Det vart referert framlegg til ny §3 frå ein anonym innsendar. Dette framlegget vart samrøystes forkasta. Erling Olsen kom og med framlegg til ny §3 slik at det måtte vera nok med 1 veker frist for innlevering av saker som skal opp på årsmøte, og ikkje 3 veker som i framlegget frå styret. Per Aaberge kom med framlegg om at saker som skal fremjast på årsmøtet, bør vera inne til 1. februar då det i styret sitt framlegg til lover står at årsmøtet skal haldast innan 1. mars. Dette framlegget vart vedteke.

Bondhus kom med framlegg om at ein måtte ha klare vedtekter om eiga og midlane til laget i fall det vert aktuelt å melda seg ut av N.J.F. eller i fall laget vart oppløyst. Etter framlegg frå Nils O. Røysum vart det vedteke å føya fylgjande til §16: "Dersom laget melder seg ut av N.J.F. og eventuelt seinare vert oppløyst, skal laget sine midlar og egedelar før oppløysinga fordelast av laget til beste for jakt og fiske i Leikanger kommune."

Med nemnde endringar og tillegg vart styret sitt framlegg til lover vedtekne.

Sak 3: Val. Valnemnd var ikkje valgt på skipingsmøtet den 20. april 1978. Interimstyret hadde difor sett opp framlegg til nytt styre. Det vart og sett fram framlegg om at halve styret skal veljast for eit år, medan andre halvparten vert valgt for to år om gongen.



LEIKANGER JAKT- OG FISKEKLAG

2

Dette for å hindra at ein ved neste val får eit heilt nytt styre som er ukjende med arbeidsrutinane. Dette vart vedteke og fylgjande vart valde for eit år:

Nestformann: Nils O. Røysum.

Sekretær: Torleif Tyssebotn.

Formann i jaktutvalet: Per Trygve Stadheim.

Medlem av jaktutvalet: Arne E. Hamre.

Nestformann i fiskeutvalet: Agnar Gåserud.

Fylgjande vart valde for to år:

Formann: Bjørn Monsen.

Kasserar: Rolf Nestby.

Styremedlem: Jon Skårhaug.

Nestformann i jaktutvalet: Per Røysum.

Formann i fiskeutvalet: Svein Inge Moum.

Medlem av fiskeutvalet: Nils T. Henjum.

I fylgjande tillitsverv skal det også for framtida veljast representantar kvart år. I eit år framover vart valde:

Varamenn til styret: Knut Røysum og Jarle Valsvik.

Varamann til jaktutvalet: Leif Frækaland.

Varamann til fiskeutvalet: Knut Haukeland.

Valnemnda for 1980 er samansett slik:

Per Henjum.

Sverre Fossen.

Steinar Næss.

Sak nr. 4: Premiering for felling av skadedyr. Styret kom med framlegg om at laget skal premiera felling av rev, mår, mink, kråke og ravn. Arne E. Hamre ynskete at måren skulle prioriterast. Etter framlegg frå Per Aaberge vart det samrøystes vedteke å gjeva styret fullmakt til å arbeida ut reglar for premiering frå 1. januar 1979. Bondhus kom med framlegg om å få politi/lensmann til å foreta kontroll av fellede dyr/fuglar som grunnlag for premieringa. I tillegg kan det vera aktuelt å bruka kvitteringssetlar frå skinnauksjon/pelsdyrhandlarar som bevis.

Sak nr. 5: Ymse. Formannen orienterte om gangen i arbeidet med leirduebana på Kleppa. Søknaden har gått greit i alle instansar, og det står i dag att å senda søknad til bygningsrådet om løyve til oppføring av hus, utskyttingsrampe og standplass.

I nemnd til å ta kontakt med grunneigarlaget for eventuelt samarbeid med tanke på viltpleie og fiskekultivering i kommunen



LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

3

vart desse valde:

Rolf Nestby, som kallar nemnda saman.

Arne E. Hamre.

Knut Røysum.

Kursverksemd.

1. Kurs i flugekasting vert halde saman med Sogndal jakt- og fiske-
lag i april.

2. Kurs i flåing og pelsing vart utsett til seinare.

3. Kurs i garnbinding vart også utsett.

Framlegg til kurs skal kvart år leggest fram av styret.

Formannen nemnde også kurs for fuglehundar som skal arrangerast
av Norsk Engelsksetterklubb på Maristova.

Det vart vist fram framlegg til emblem for laget. Dette var
laga av Nils O. Røysum og Reidar Sælid. Det vart uttrykt ynskje om at
dette emblemet kom på jakkemerke, konvoluttar og skrivepapir.

Til sist vart det selt lodd på ei bløtkake som vart vunnen
av Jakob Holen Bakkegard. Det vart selt 300 lodd åkr. 1,-.

Møtet slutta kl.22.30.

Nils O. Røysum.
(sekretær)